

TEATERSELSKAPET INNSPÆLL

Västmannen

Marsimartnan Levanger 1877 En forbondes beretninger

AV TORVALD SUND • REGI ARNULF HAGA



Skuespiller
Tore B. Granås

Teaterselskapet InnSpæll presenterer:

V Ä S T M A N N E N

av Torvald Sund

Med Tore B. Granås
Regi: Arnulf Haga

Scenografi og design: Erlend Haga
Foto plakat/programforside: Espen Storhaug
Konsulent : Bo Oscarsson

Bearbeidet til Jamsk talemål av Kicki Ylander

Takk til:
Sandslia Ridesenter v/Marit Aarset Grønn/Espen Storhaug/Frode Hallem/
Rudolf Holmvik/Vestvik Reklame/Festiviteten Kulturhus og Kino.

LEVANGERMARTNAN eller MARSNESEN PÅ LEVÅNG

Av Torvald Sund

Ferdavegane frå Trøndelag og austover til Jamtland er godt over 1200 år gamle, og kanskje har det vore handel på Levanger vel så lenge. Snorre er innom jamtforbindelsane eit par plassar; om Håkon den Gode skriv han: «Håkon fekk i stand fred og kjøpferder til Jemtland og gjorde seg til godvener med stormennene der.» Det var kring år 950 etter Kristus, men nesten 100 år tidlegare - i 872, nemner han at under Harald Hårfagres tid «flydde somme landet, og dei var ei heil mengd, for da bygde dei Jamtland og Helsingland, men desse var alt i førevegen noko bygd av nordmenn.» Alt før Harald Hårfagres tid budde det trønderar i Jamtland, så da kan ein og kvar gjera seg teoriar om kor dei fekk salt og sild og fisk frå. I godt over tusen år - har truleg forbonden frå Jamtland frakta skinn, slipsteinar og vadmél til Levanger - og så frakta med seg salt, spekesild og gammalsalta sei heim att. Forbonden og fiskaren frå Ut-Trøndelag er dei to grunnsteinane kjøpstaden Levanger er bygd på. Utan dei, ingen Levanger med den identitet og historie som byen ber med seg.

Monologen «Västmannen» er ei dikterisk skildring av ein forbondes martnasferd i 1877, med minne om marnasferder frå hans ungdoms tid. Kronesystemet er innført, orten og shillingen vart borte to år før - og ei ny tid bankar på døra med damp både til sjøs og til lands. Damplokomotiva pustar forbonden i nakken, og dampskipa er på veg til å konkurrera ut seglskutene med last og folk. Men det går sakte; skepsisen er stor, særskild innan det maritime. Toga fører og med seg store ulykker; avsporingar, kollisjonar og mest av alt dampkjel-eksplisjonar. Folk er ikkje utdanna til å beherske alle dei nye tekniske vidundra. Men hest og segl beherskar dei, det har dei lært gjennom tusen år. Og derfor sit forbonden trygt i sin låda på veg te Marsnesen på Levång. På den tid tala omlag heile Jamtland jamska, ei trøndsk dialekt som i motsetnad til bokmål og riksvensk tilhører den Vest-Nordiske språkgruppa, der m.a. nynorsken hører heime. I dag er jamskan på sterk tilbakegang, færre og færre talar jamska. «Västmannen» er difor ikkje berre ein hyllest til den gamle forbonden, men og til det jamska språket.

InnSpæll A/S

er eit privat teaterselskap, stifta i 2000 av profesjonelle teaterarbeidarar innafør; regi, musikarar/komposisjon, forfattarskap, skodespelarar, koreografi, planlegging og organisasjonsutvikling. InnSpæll har sitt kontor i Tindved Kulturhage på Verdal og gjer produksjonar, teaterkurs, og utvikling av trøndersk teater og andre stader i landet. "Västmannen" er eit samarbeid med forfattar og skodespelar spesielt laga for Marsimartnan på Levanger – men og eit stykke teater i det norske språkåret. InnSpæll har stor kompetanse på samhandling mellom profesjonelle og amatørar og er ein aktør i det kulturpolitiske arbeidet for å oppretthalda kultur- og kunstutvikling i bygde-Noreg. Hausten 2014 skal InnSpæll i samarbeid med Verdal Teaterlag og rockebandet DDE produsere rockemusikalen «Vinsjan på kaia», musikk og songtekster av DDE. Manus: Arnulf Haga. Urpremiere 28.des. 2014.

Skodespelar Tore B. Granås

Skodespelar og songar frå Verdal. Engasjement på Det Norske Teatret, Trøndelag Teater, Sogn-og Fjordane Teater og for tida Nord-Trøndelag Teater kor han for tida har hovudrolla i "39 steps", premiere 6.mars. Han har gjort mange store roller i Trøndelag og til hausten vert han å sjå i "Folkehelten" – samproduksjon InnSpæll og NT-Teater.

Forfattar Torvald Sund

Torvald Sund (f.1952) , forfattar og dramatikar frå Levanger, som har skrive 29 bøker og 16 teaterstykker, m.a utespela «Raud vinter», «Trua og saltet» og «Namsens auge». Hans dramatik er og oppført m.a. på Trøndelag Teater, Teatret Vårt og Nord-Trøndelag Teater. Mest kjent er han kanskje for bøkene om Onkel Oskar, som både vart film og teater. Bøkene hans er omsette til 10 språk, og fleire av dei til svensk.